

Program hausten 2025

Tysdag 26. august

Tema: *Hundreåringar i Vestland*

Forelesar: *Arne Årseth*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 – 13.00*

Arne Årseth er fotograf og reiste i 2020 rundt i det nye Vestland fylke og fotograferte og intervjuet 75 personer som alle var over 100 år. Dette resulterte i boka «Hundreåringar i Vestland», ei interessant bok.

Under foredraget fortel han om reisene rundt til alle desse hundreåringane, og kva opplevingar dette gav han. Her var mykje å høre, både glade og triste historiar.



Tysdag 9. september

Tema: *Kan me kontrollera kunstig intelligens?*

Forelesar: *Lars Nyre*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 – 13.00*

Lars Nyre er vossing og professor i medievitskap ved Universitetet i Bergen.

Kunstig intelligens blir ofte framstilt som ei ustoppable kraft som vil forandra samfunnet uansett kva vanlege menneske meiner og gjer. Men kva er eigentleg kunstig intelligens? Kor ligg håpet for optimistane og kor ligg trusselen for pessimistane.

Lars har nyleg gitt ut ei lærebok «Teknologi» på Universitetsforlaget, og foredraget er i stor grad basert på innsikter der i frå.



Tysdag 7. oktober

Tema: *Jakob Sande – liv, tru og dikting.*

Forelesar: *Leif Endre Grutle*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 – 13.00*

Leif Endre Grutle har m.a. vore tilsett i den norske kyrkjas presteforening, vore prost i Indre Nordmøre prosti og sidan 2021 som prost i Arna- Åsane prosti. Han vil presentere livet til Jakob Sande rundt framføring av om lag 20 av hans



eigne dikt frå fleire av dei 10 diktsamlingane hans, der vi blir betre kjende med eit menneske som gjekk gjennom eit liv fyllt av kontrastar.

Tysdag 4. november

Tema: *Ein ny periode med Trump*

Forelesar: *Hilmar Mjelde*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 – 13.00*

Hilmar Mjelde er professor i statsvitenskap ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), og han er frå Osterøy. Han arbeider og forskar innan felta: Demokrati, amerikansk politikk, ytre høgre / høgreekstremisme, politiske partier, medialisert politikk, retorikk og politisk deltaking. Med sin kunnskap og kompetanse kan han fortelja oss litt om kva som har skjedd, kva som skjer, og om kva som vidare kan skje med Trump etter ved roret i USA.



Tysdag 2. desember

Tema: *Jul – gamle og nye tradisjonar*

Forelesar: *Ragnhild Jepsen*

Møtestad: *Ljoshall* **Tid:** *11.00 – 13.00*

Ragnhild Jepsen blei utnemnd som biskop i Bjørgvin i 2023. Ho er den første kvinnelege biskop i Bjørgvin som omfattar Vestland og Sjømannskyrkja, dei norske kyrkjene i utlandet. Bjørgvin er det største bispedømmet i landet. Julefeiringa slik vi kjenner den i Noreg er på same tid eldgamle tradisjonar og skikkar, sume av dei frå førkristen tid, men også impulsar frå den store verda og kommersiell påverknad. Og midt mellom der har vi symbolhandlingane som hører den kristne kyrkja til. Kva veit vi eigentleg om bakgrunnen for juleskikkane våre? Kan vi seie at det framleis er noko som bind oss saman i vår julefeiring i dag?



Vel møtt på møteplassen for tanke og trivnad!